



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 25.02.2014  
Vår ref.: 2014/12364-2 «REF»  
Dykkar ref.:

## **H-L-19 og H-ML-1 Blom Fiskeoppdrett AS, org. nr. 840215512, Søknad om endring i MTB og areal på lokalitet 10080 Laksevika i Meland kommune**

Hordaland fylkeskommune oversender med dette kopi av søknad dagsett 21.02.2014 frå Blom Fiskeoppdrett AS om løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 10080 Laksevika i Meland kommune. Det vert søkt om utvide det eksisterande anlegget med 2 ståbur mot sør og ein 160 meters plastring mot nord. Det vert og søkt om å utvide MTB på lokaliteten, frå 1560 til 3600 tonn. Grunnen til utvidinga er eit ønske om å auke produksjonen i sone vår partal, og soleis oppnå ein meir stabil produksjon frå år til år for selskapet. For ytterlegare informasjon viser vi til søknaden.

Hordaland fylkeskommune ber om at Meland kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen sin uttale ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd og innan 3 månader (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Ein ber Dykk handsame/vurdere søknaden frå Blom Fiskeoppdrett AS etter gjeldande særlover/andre interesser og returnera avgjerda/uttalen til vårt kontor.

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakshandsamar Vibeke Lokøy, tlf 55 23 91 45, epost: [vibeke.saure.lokoy@hfk.no](mailto:vibeke.saure.lokoy@hfk.no), i Hordaland fylkeskommune.

Helsing  
Vibeke Lokøy

Kopi: Blom Fiskeoppdrett AS